

ORDENSREGLAR

FOR BRUK AV BASSENGET

1. Den badande har sjølv ansvar for ikkje å setje seg i situasjonar som kan vere farlege under badinga.
2. Barn under 12 år kan ikkje bade åleine, men må vere saman med ein person på minst 16 år som har ansvar for desse under badinga.
Barn og unge over 12 år kan bade åleine, og det er då foreldra sitt ansvar at barnet er symjedyktig.
3. Før ein nyttar basseng og badstove, skal ein dusje grundig, og vaske seg med såpe. Plasterlappar, bandasjar, hårnåler, tyggegummi og liknande må leggjast att i garderoben.
4. Det er ikkje tillete å springe på bassengkanten, samt hoppe eller stupe frå bassengkanten.
5. Det kan vere maks. 25 badande i bassenget samstundes. Når andre står og ventar for å kome i bassenget, gjeld ei badetid med av- og påkledning på ein time.
6. Besøkjande som ikkje skal bade skal ta av seg fottøyet før dei går inn i badeanlegget.
7. Gjestar som ikkje rettar seg etter regelverk og/eller påtale frå badevakt, kan visast bort.